



IMC Diving AS

PB 116 Sandviken
5812 BERGEN

| | | | | |
|-------------|------------------------|----------------------------|-----------|------------|
| Dykkar ref. | Vår ref. | Saksbehandlar – tlf. | Arkivkode | Dato |
| | 2009/2197 - 25462/2009 | Larissa Dahl - 56 37 56 37 | 139/4 | 25.11.2009 |

Manglar i søknad om utlegging av bryggje - gbnr 139/4 Tveiten nedre

Vi viser til Dykkar søknad om ansvarsrett for oppføring av bryggje, motteke her 28.10.09. Før søknaden kan handsamast, må følgjande avklarast:

Søknadsskjema.

- Utfylt søknad i to eksemplar, signert av ansvarleg søkjar og byggherre/tiltakshavar må sendast inn. Fullstendig adresse og telefonnummer må vere påført.

Nabovarsel.

- Nabovarsel sendast inn. Følgjande Naboar må varslast (Sjå naboliste i vedlegg).
- Det må opplysast i nabovarsel at tiltaket krev dispensasjon frå Kommuneplan og frå PBL § 1-8.

Det er to måtar å varsle naboar/gjenbuar på:

1. Ved personleg kvittering/påteikning:

Fyll ut framsida og baksida av skjemaet "gjenpart av nabovarsel". Nabo/gjenbuar kvitterer så direkte på skjemaet. Naboen skal ha eit eksemplar av skjemaet "nabovarsel").

2. Ved rekommandert sending:

Fyll ut skjemaet "gjenpart av nabovarsel" på same måte som ovanfor. I tillegg må også skjemaet "nabovarsel" fyllast ut og sendast til kvar av naboane. Ta med alle skjema til posten og send nabovarsla rekommandert. Postverket vil så kvittere på skjemaet "gjenpart av nabovarsel". NB! Husk å krysse av i felt for dispensasjon dersom det vert søkt om dette. Dei to framgangsmåtane kan godt kombinerast.

Dispensasjonar.

- Tiltaket ligg i LNF(landbruks-, natur- og friluftsområde)-område på land og NFFF (Natur-, ferdsel, fiske- og friluftsområde)-område i sjøen. Det er i strid med kommuneplan, må det søkast om dispensasjon frå gjeldande plan.
- Tiltaket ligg innafor 100 meters beltet mot sjø, sjå plan- og bygningslova § 1-8.
- Tiltaket treng dispensasjon frå kommuneplan for å kunne handsamast vidare som byggesak. Kommunestyret har vedtatt innført gebyr for handsaming av dispensasjonar. Gebyret for sakshandsaming er sett til kr.10.500,-. **Det kan vere ein fordel å avklare om ein kan forvente at dispensasjon kan gjevast, før søknad vert send inn.**

Avstandskrav.

- *Plan- og bygningslovens § 70.2 set krav til avstand frå bygning til nabogrense. Kommunen kan godkjenne at bygning vert plassert på anna manns grunn; « a) når eigar av eigedommen har gitt skriftlig samtykke ». Før bygging kan settast i gang må det ligge føre skriftlig samtykke eigar av Gbnr. 139/4 Torbjørn Breistein, Ekrehaugen 14, 5111, Breistein.*

Andre mynde.

- *Saka krev "endeleg godkjent løyve" frå BOH (Bergen og omland havnevesen) for kommunen kan gje byggjeløyve.*

Ansvarsrettar.

- *Det manglar kontrollerklæring for prosjektering av tiltaket.*

Vi gjer merksam på at inntil manglane er ordna, vert saka lagt i ventearkiv. Byggearbeida kan ikkje setjast i gang for det er gitt skriftleg samtykke frå kommunen.

Fristar.

Då tiltaket treng dispensasjon for å kunne handsamast vidare som byggesak, reknast ikkje saka som ei "rein" byggesak. Reglar om fristar for sakshandsaming gjeld ikkje i dette høve då søknaden ikkje er fullstendig. Plan- og bygningslovas reglar om saksbehandlingstid kan ikkje gjerast gjeldande før søknaden er komplett.

Handsaming av søknad om dispensasjonar er ikkje avgrensa av tidsfristar.

Vedlegg:

- Naboliste.

*Med helsing
Tor Hegle(S)
fagleiar byggesak*

*Larissa Dahl
avdelingsingenior*